

---

Saksnr: 2020/42594-18  
Saksbehandlar: Charlotte Espeland  
Dato: 26.01.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

---

## Kulturkonferansen 2020 – evaluering

### *«Kulturens samfunnsbyggande kraft»*

### *Korleis kan kunst og kultur bidra i samfunnsutviklinga og styrkje fellesskapa i Vestland?*

*Digital konferanse 16. oktober 2020*

*Arrangørar: Vestland fylkeskommune, KS Vestland, Sunnfjord kommune, Vestland idrettskrets, Norsk kulturskoleråd Vestland og Norsk kulturforum Vestland.*

Evalueringa er basert på møte i arbeidsgruppa for konferansen 19.11.20 og 02.12.20 samt på mottekne evalueringsskjema.

Arbeidsgruppa for konferansen var sett saman av representantar frå fylkeskommunen og medarrangørane. Frå fylkeskommunen: Siri Ingvaldsen (leiar), Sigrun Espe, Siv-Merethe Hatlem, Sissel Lillebø Aarseth, Eva Moberg, Tone Haugland Stedal, Charlotte Espeland, Frank Tore Tveit, Åshild Selbakk Knarvik. Frå medarrangørane: Hilde Bjørkum (Sunnfjord kommune), Sølvi Olrich Sørebø (KS Vestland), Kristin Geiring (Norsk kulturskoleråd Vestland), Narve Heggheim (Vestland idrettskrets), Odd Gunnar Myhre (NOKU Vestland)

### **Om konferansen**

Målgruppe for kulturkonferansen var primært politisk og administrativ leiing i kommunane, og institusjonane og organisasjonane på regionalt nivå.

Programmet var delt i tre hovudbolkar:

- Grønt vegkart for kultur
- Kultur under pandemien
- Kommune 3.0 - medborgarskap og meistring

Konferansen var opphavelig planlagt som ein fysisk konferanse lokalisert til Førde, men grunna koronapandemien måtte vi undervegs i planlegginga gjere den om til ein digital konferanse. Fylkeskommunen strøyma konferansen og stod for tekniske løysingar. Om lag midtvegs i konferansen braut serveren vi køyrde frå saman, og heile sendinga måtte flyttast til ein ny server. Det medførte at alle deltakarane måtte få tilsendt ny lenke. Brotet hadde årsaker som låg utanfor fylkeskommunen sin kontroll.

Det var 286 påmelde til konferansen då fristen gjekk ut. Første del av konferansen er vist totalt 785 gonger. Det vart registrert 633 som var innom sendinga direkte, men mange av desse var nok berre innom ei lita stund. På det meste var det 228 som såg på sendinga samtidig. 152 har sett sendinga i opptak. Andre del av konferansen er vist totalt 539 gonger. Det er registrert 403 som var innom sendinga direkte, og på det meste var det 164 som såg sendinga samtidig. 136 har sett sendinga i opptak.

### **Evaluerings skjema**

Det vart sendt ut evaluerings skjema rett etter konferansen og ei påminning 04.11.20. 44 personar svarte. Ei forklaring på den relativt låge responsen kan vere at vi mista ein del deltakarar etter brotet, ei anna at deltakarar har mindre tilknytning til strøyma konferansar enn til fysiske samlingar, og at dei difor i mindre grad bryr seg med å evaluere.

### **Programmet**

Programmet var breitt og femna ei rekkje tema. Munnlege og skriftlege tilbakemeldingar gir inntrykk av at programmet i hovudsak var relevant og bra, sjølv om ikkje alle innslag treffe alle deltakarane like godt. Det vart etterlyst at vi kunne gått meir i djupna på ulike fagområde. Målet var likevel at dette skulle vere ein overordna kulturkonferanse med eit vidt perspektiv.

Ved ein fysisk konferanse med parallell-sesjonar kunne vi ha imøtekome ynsket om å gå meir inn i dei ulike fagområda. Nokre tilbakemeldingar gir dessutan uttrykk for at dagen vart for lang og at det var for få pausar. Vi valde ein samla konferansedag for den digitale konferansen. Alternativt kunne vi ha hatt fleire webinar med ulike tema over fleire dagar. Det kan vere ei løysing å vurdere for framtidige konferansar om dei skal vere digitale.

At det vart brot i strøyminga undervegs gjorde nok opplevinga av konferansen annleis og dårlegare enn den elles ville vore. Det var lett å misse litt av samanhengen i programmet. Vi klarte likevel å halde tidsskjema samla sett. Då brotet kom, måtte vi korte av på pausetida. Slik klarte vi å kome inn igjen i rett tid til neste programbolck.

Dei faglege samtalane vert litt meir kunstige når folk sit på ulike stader i motsetning til den meir naturlege dialogen ein får til når alle er i same rom. Samtalen i bolken om kultur under pandemien vart litt redusert i og med at Norsk kulturråd fall ut. I bolken om kommune 3.0 flaut samtalen fint, men det hadde vore ein fordel om alle i panelet sat på kvar sin plass når nokre av deltakarane måtte gjere det. Kanskje kunne vi ha korta litt på innlegga og hatt ein lengre samtale her.

### **Logistikk**

Det var gjort eit stort arbeid i forkant av konferansen med planlegging av digital logistikk og testing. Alle innleiarane og samtaledeltakarar hadde testa på førehand, og kom inn i eit venterom før dei skulle inn i programmet under konferansen. Alle videoar var henta inn og avtalar gjorde med innleiarane om korleis dei skulle presentere.

Brotet vart ikkje oppdaga av arrangørane samstundes som strøyminga fraus for deltakarane fordi sendinga heldt fram i styringsromma. Det vart kaotisk då brotet kom, og vi ser at det vart krevjande med to styringsrom. Situasjonen vart uoversiktleg, og det var vanskeleg å ha god nok kommunikasjon mellom dei to romma.

God plan for tidsbruk og oppgåvefordeling er viktig, og det må vere klare kommandolinjer og fordeling av konkrete oppgåver slik alt alle veit kva dei skal gjere. Dette er særleg avgjerande under uynskte hendingar som brot i strøyminga. Det kunne ha vore ein fordel med profesjonell produsent for å takle slike situasjonar. Brotet kom under bolken som Hilde Sandvik var programleiar for, og vart godt handtert av ho.

Slido vart nytta for å gi deltakarane høve til å stille spørsmål under konferansen. Det kom lite spørsmål til dei faglege innhaldet i konferansen på Slido, men Slido vart viktig då vi fekk brot i strøyminga. Erfaringa synte at arbeidsgruppa skulle hatt meir opplæring i Slido på førehand.

I etterkant av konferansen ser vi at vi må bli betre på universell utforming, t.d. ha med døvetolk.

### **Marknadsføring**

Informasjon om tid, stad og hovudtema vart delt på arrangørane sine nettsider og via ulike kanalar frå tidleg vår. Før sommarferien vart det sendt ut digital plakate med informasjon om sentrale problemstillingar og namn på ei rekkje foredragshaldarar/bidragstakarar. I september vart det ferdige programmet lagt ut. Det vart produsert informasjonsdrypp og videosnuttar på Facebook og Instagram i tida fram mot konferansen. I tillegg vart det sendt ut informasjon på fylkeskommunen sine epostlistar til kommunar, institusjonar og organisasjonar og til medarrangørane sine nettverk.

Det hadde vore ein fordel med ein klarare kommunikasjonsplan for konferansen. Vi ser at vi kunne ha vore tidlegare med meir systematisk utsending av informasjon, t.d. på epostlistene. I tillegg

kunne konferansen ha vore tydelegare på fylkeskommunen sine egne nettsider. Å kjøpe annonseplass på Facebook kan vere fornuftig.

Om nokon i arbeidsgruppa hadde hatt tilgang til å dele, opprette hendingar og saker på fylkeskommunen sine sosiale medium-kanalar (etter avtale med kommunikasjonsavdelinga), hadde vi hatt litt betre kontroll på denne delen av informasjonsflyten. Det er ressurskrevjande å måtte ta alle små steg og oppdateringar i slikt arbeid ein ekstra runde med kommunikasjonsavdelinga, og då er det lett for at det ikkje blir gjort.

På sjølve konferansedagen låg ikkje kulturkonferansen øvst på fylkeskommunen sine sider. Nyheitsinformasjon forsvinn nedover etter som nye hendingar kjem opp. Vi må sikre at oppdatert informasjon ligg lett tilgjengeleg under konferansar og samlingar.

Det vart publisert ein artikkel på fylkeskommunen si nettside i etterkant av konferansen. Ei tilbakemelding er at denne kunne ha dekt meir av det faglege innhaldet på konferansen.

**Oppsummering:**

Pandemien gjorde at den opphavelige planen om ein fysisk konferanse i Førde måtte gjerast om. Det vart mykje nytt å finne ut av då det vart klart at vi satse på ein digital konferanse. Til trass for omfattande testing i forkant fekk vi problem med strøyminga, av årsaker som låg utanfor fylkeskommunen sin kontroll. Tal påmelde og oppslutninga om konferansen tyder på at vi nådde ut og at programmet vart opplevd som aktuelt for mange.